



Skoleskyss Handbok for grunnskolar





Innleiing

Handboka gir informasjon om reglar og rutinar for skoleskyss og er meint som eit oppslagsverk.

Handboka er delt inn slik:

DEL 1

Rutinar og tidsfristar i samband med skoleskyss.

DEL 2

Skyssreglementet og kommentarar til dette.

Reglementet inneheld alle dei sentrale retningslinjene om kven av og til kva tid elevane har rett på skoleskyss. Det fylkeskommunale reglementet er sitert heilt ut og er skriva i *kursiv*. Kommentarar til reglementet og praktisering av dette står under kvart av punkta. Sitat frå opplæringslova og korrespondanse frå departementet er presisert.

Skjema som skal nyttast i skoleskyssordninga er tilgjengeleg på www.skyss.no/skoleskyss



INNLEIING **2**

DEL 1: RUTINAR OG TIDFRISTAR **5**

VEDTAKSMYNDE	5
SØKNADAR	5
TIDFRISTAR	6
RUTINAR FOR TILRETTELAGT SKYSS	6
A) SØKNAD/BESTILLING	6
B) LEGERKLÆRING / SAKKYNDIG ERKLÆRING	7

DEL 2: REGLEMENT MED KOMMENTARAR **8**

1.	LOVHEIMEL
	8
2. KVA GIR RETT PÅ FRI SKOLESKYSS?	9
2.1 AVSTAND MELLOM HEIM OG SKOLE	9
2.2 SÆRLEG FARLEG ELLER VANSKELEG SKOLEVEG	10
2.3 SKYSS MED BÅT	11
2.4 SKYSS PÅ MEDISINSK GRUNNLAG	11
3. SKYSSRETT FOR SÆRSKILTE ELEVGRUPPER	12
3.1 SKYSS TIL PRIVATE GRUNNSKOLAR	12
3.2 VAKSNE MED RETT TIL OPPLÆRING	13
4. SKYSS TIL SKOLEFRITIDSORDNING – SFO	13
4.1 GENERELLE REGLAR	13
4.2 ELEVAR MED SPESIALPEDAGOGISK UNDERVISNING I SKOLEFRITIDSORDNINGA	14
4.3 LEKSEHJELP	14
5. TILRETTELAGT SKYSS	14
5.1 GENERELLE REGLAR	14
5.2 ELEVEN SINE RETTAR OG PLIKTER I SAMBAND MED TILRETTELAGT SKYSS	15
5.3 GODTGJERING FOR PRIVAT SKYSS	16
6. ELEVEN SIN HEIM	17
6.1 FOLKEREISTRERT ADRESSE	17
6.2 DELT BUSTAD	17
6.3 BARN I ASYLMOTTAK	18
6.4 ELEVAR I FOSTERHEIM	18
6.5 ELEVAR I AVLASTNING	18
7.6 ELEVAR MED FLEIRE BUSTADER I LØPET AV EITT ÅR	19
7. ELEVEN SIN SKOLE	19
7.1 NÆRSKOLEN	19



7.2 SKYSS TIL STATLEG SPESIALSKOLE ELLER KOMPETANSESENTER	20
7.3 MELLOMBELS UNDERVISNING I ANDRE LOKALE ENN SKOLEN	20
7.4 UNDERVISNING FLEIRE STADER	20
8. SKYSSTANDARD	20
8.1 PLANLEGGING AV SKYSS	20
8.2 AKSEPTABEL GANGAVSTAND TIL TRANSPORTMIDDEL	21
8.3 FORSVARLEG REISETID	21
8.4 REISEFØLGJE OG TILSYN	21
9. REGLAR FOR BRUK AV SKOLEKORT	22
9.1 GENERELLE REGLAR	22
9.2 TAP AV SKOLEKORT	23
9.3 MISBRUK	23
10. INFORMASJONSPLIKT	23
11. OM VEDTAK OG KLAGERETT	23
12. ØKONOMISK ANSVAR	24
12.1 FORDELING MELLOM FYLKE OG KOMMUNE	24



Del 1: RUTINAR OG TIDSFRISTAR

Vedtaksmynde

Fylkeskommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skoleskyss for elevar i grunnskolen og har vedtaksmynde i slike saker. Dette gjeld ikkje skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg under 2/4 km. I slike saker har kommunen vedtaksmynde. I Hordaland er Skyss ansvarleg for skoleskyss og fattar vedtak for Hordaland fylkeskommune.

Vedtaksmynde er fordelt slik mellom Skyss og kommunane:

Kommunen fattar vedtak i saker vedkommande:

- Mellombels medisinsk skoleskyss (på grunnlag av legeerklæring)
- Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, ved avstand under 2/4 km
- Annan skoleskyss etter kommunalt vedtak.

Skyss fattar vedtak i saker vedkommande:

- Ordinær skoleskyss (grunna avstand mellom heim og skole)
- Tilrettelagt skyss
- På medisinsk grunnlag
- Grunna manglande offentleg skysstilbod
- Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, ved avstand over 2/4 km. Til dømes sidevegskyss når avstand mellom heim og haldeplass er under avstandsgrensa, men ein søker om sidevegskyss grunna særleg farleg skoleveg til haldeplass / oppsamlingsplass.

Søknadar

Vedtak om skoleskyss gjeld normalt for eitt skoleår om gangen. Dette medfører at dei fleste elevar må søkje om skyss kvart skoleår. Mellombels skoleskyss gjeld for den perioden som er oppgitt i legeerklæringa, men maksimalt 8 veker samanhengande.

Søknader og bestilling av mellombels skyss registrerast i Cert av skolen. Lenke til Cert finn ein på www.skyss.no/skoleskyss.

Mellombels medisinsk skyss

Mellombels medisinsk skyss er skoleskyss på medisinsk grunnlag i ein avgrensa periode. Søknader blir handsama og bestilt av skolen/kommunen i Cert. Behovet for skyss skal vere



stadfesta og tidsavgrensa med legeerklæring, og kan maksimalt vare i 8 veker.
Legeerklæringa skal lastast inn i Cert. Skyss skal kontaktast dersom eit skyssopplegg vert svært kostnadskrevjande.

Tidsfristar

- 1. februar: Skolen/kommunen sender inn skoleruta til Skyss.
- 1. mars: Skolen/kommunen registrerer start- og sluttider og søknadar om skoleskyss i Cert.

Dersom skolen får nye elevar etter fristen som treng skyss må det søkast om dette omgåande. I samband med skulestart må ein pårekne inntil 14 dagars handsamingstid på nye søknadar og endringar i eksisterande søknadar.

NB! Ved endring av start- og sluttider må dette meldast særskild til Skyss innan 1 mars. Dette for å sikre elevane eit skyssstilbod. Endringar i start- og sluttider som ikkje blir meldt inn eller endringar som gjennomførast etter 1. mars kan få konsekvensar for skoleskyssen.

Forsytarskyss/privat skyss

Refusjon for privatkøyring blir utbetalt på bakgrunn av innvilga søknad i Cert.

Søknader som sendes inn etter skolestart blir godtgjort frå den datoen søknaden er sendt inn. Det er difor sær viktig at skolane overheld informasjonsplikta til dei føresette om rettane til skoleskyss. Skolen/kommunen vil vere ansvarleg for krav om etterbetaling grunna manglande informasjon om eleven sine rettar til skyss.

Kommunal bestilling av buss

Oppseiing eller endring av kommunal skoleskyss med buss som Skyss organiserer på vegne av kommunen, må meldast frå til Skyss seinast 1 månad før kommunen ønskjer å avslutte skyssen. Eventuelle meirkostnader som skuldast oppseiing etter ovannemnde frist blir kommunen sitt ansvar.

Rutinar for tilrettelagt skyss

A) Søknad/bestilling

Varig skyss - ved varig funksjonshemming eller sjukdom

Søknad om skyss på grunn av varig funksjonshemming/sjukdom skal sendast via skolen/kommunen til Skyss. For å vere sikker på at skyssen er klar frå første skoledag må søknaden sendast innan 15. juni. Legeerklæring skal leverast til skolen, som laster den opp i Cert eller vidare sender den til Skyss. For søknadar som kjem inn etter 1. august vil det vere 14 behandlingstid. Dette gjeld og for søknader sendt inn før 1. august, der Skyss har etterspurt og ikkje motteke informasjon/dokumentasjon.



Når skyssen er godkjent vert bestilling sendt til transportør. Skyss sender refusjonskrav til kommunen for persontakst på strekninga heim – skole.

Mellombels skyss

Under føresetnad av at det ligg føre legeerklæring som stadfester og tidsavgrensar behovet for skyss har den einskilde skole/kommune fullmakt til å behandle slike søknader sjølv. Legererklæring skal leverast til skolen, som skanner dokumentet og legg den ved søknaden i Cert. Bestillinga blir sendt via Cert, og må vere transportør i hende innan kl. 12 dagen før skyssen skal ta til.

Skolen/kommunen si avgjerdsmynde for mellombels skoleskyss er avgrensa til maksimalt 8 veker samanhengande. Søknad om mellombels skyss som overstig 8 veker blir rekna som varig medisinsk skyss, og skal handsamast av Skyss.

Opphald ved spesialskeolar for kortare periodar, til dømes Hunstad skole, blir ikkje rekna som mellombels skyss som skolane sjølv kan bestille. Søknad om slik skyss må sendast til Skyss.

Privat skyss

I dei tilfella det blir innvilga privat skyss skal det sendast inn refusjonskrav frå skyssutøvar ein gang pr. halvår. Sjå punkt 6.2 – godtgjering for privat skyss.

B) Legeerklæring / sakkyndig erklæring

Til sakkyndig uttale bør skjema ”Legeerklæring” som ligg på www.skyss.no/skoleskyss nyttast. Legeerklæringa skal skannast og leggest ved søknaden i Cert. Berre signert og stempla erklæring frå fastlege, spesialist eller behandlande psykolog blir rekna som gyldig sakkyndig uttale. Uttale frå PPT eller liknande faginstansar blir ikkje rekna som godkjent sakkyndig uttale, men kan likevel leggest ved søknaden og bli vektlagt i ei totalvurdering.

Legeerklæringa/erklæringa frå behandlande psykolog må innehalde følgjande opplysningar

- Diagnose med grunngjeving for kvifor eleven treng skyss
- Kva slags type skyss eleven treng (buss, forsyntarskyss/privatskyss, drosje/tilrettelagt skyss)
- Tidsrom for når eleven treng skyss (veker, månadar, år).

Dersom skolen/kommunen er usikker på om legeerklæringa/erklæringa frå behandlande psykolog gir rett på t.d. skyss med drosje, skal Skyss kontaktast. Den fylkeskommunale legememnda beståande av spesialistar innan allmenmedisin vil kunne vurdere legeerklæringa.

For meir informasjon sjå brosjyren ”Individuelt tilrettelagt skoleskyss, rettleiing til elev føresette og skole”.



DEL 2: REGLEMENT MED KOMMENTARAR

1. Lovheimel

Opplæringslova § 13-4 – ansvar for skoleskyss

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen er ansvarleg for å oppfylle retten til skyss av førskolebarn etter § 7-6. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Skoleskyssreglementet

Skoleskyss blir rekna som den daglege transporten mellom heim og skole til eleven sine faste start- og sluttider. Eleven har rett til ein tur og ein retur pr. dag mellom heim og skole.

Skyss har ansvar for å organisere og finansiere skoleskyss for elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn 4 km frå skolen. Skyssgrensa er 2 km for elevar i 1. klasse. Kommunen skal betale refusjon til Skyss etter billettakst (opplæringslova §13-4).

Skyssansvaret omfattar også skyss av elevar med varig funksjonshemming eller sjukdom og skyss av elevar med mellombels skade eller sjukdom uavhengig av avstand (opplæringslova § 7-3) . Avgjerdsmynda for elevar som treng skyss på grunn av mellombels skade eller sjukdom er delegert til den einskilde skole/kommune, men slik at det berre kan innvilgast skyss når det ligg føre legeerklæring som stadfestar behovet for skyss. Avgjerdsmynda er dessutan avgrensa til den perioden som er definert i legeerklæringa og berre for søknader som gjeld i maksimalt 8 veker samanhengande. Søknader om mellombels skyss som varer i meir enn 8 veker samanhengande skal behandlast på same måte som søknad om varig skoleskyss. Det same gjeld dersom ein mellombels skyss blir forlenga utover 8 veker.

Kommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim–skole er under 2/4 km. Kommunen har etter same regel ansvar for å oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne (opplæringslova § 13-4). Vidare er



kommunen ansvarleg for skyss og meirkostnader med dette når eleven har annan opplæringsarena enn nærskolen. Unntak for dette er når eleven har tilbod på statleg spesialskole. Sjå også pkt 13 om økonomisk ansvar.

Ifølgje opplæringslova skal kommunane samarbeide med fylkeskommunen om skyssen.

Kommentar

Skyssretten gjeld mellom eleven sin heim og nærskole. Skyss i samband med ekskursjon eller undervisning som blir lagt andre stader enn skolen sitt geografiske område er kommunalt ansvar.

2. Kva gir rett på fri skoleskyss?

2.1 Avstand mellom heim og skole

Opplæringslova § 7-1

Elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Skoleskyssreglementet

Skyssgrensa for 1. klassingar er 2.000 meter. Tilsvarende grense for 2. – 10. klassingar er 4.000 meter. Ved oppmåling av avstand gjeld Skyss sitt digitale geografiske kart.

Avstanden blir målt langs kortaste "farande veg" mellom heim og skole.

Kommentar

Avstandsgrensa på 2.000 meter og 4.000 meter er absolutt. Det er såleis ikkje rom for å utøve skjønn med omsyn til avstanden. Ved oppmåling av avstand nyttar Skyss digitale geografiske kart. Når dei to aktuelle adressene (heim og skole) er fastsett er målinga nøyaktig med eit slingringsmonn på 25 meter.

Kartgrunnlaget og vegdata kjem frå Statens Kartverk. Private oppmålingar med til dømes bil og GPS blir ikkje vektlagt i klagesakar.

Med gangbar og farande veg meinast vegar som ikkje er skilta forboden for gåande som til dømes motorveg og tunnelar. I tillegg til offentleg veg, blir også gangvegar og private vegar som er open for allmenn ferdsel rekna som farande veg.

Vegar som ikkje blir lagt til grunn er private veger som er stengt for allmenn ferdsel, trase over utmark og stiar og tråkk med dårleg framkomst. Private veger som er sperra fysisk med stengsel eller merka med skilt, eller på tydeleg måte framstår som ikkje open blir ikkje rekna som farande eller gangbar veg. Det avgjerande er om vegen framstår som open for ferdsel.



Heim - skole: Kortaste gangbare veg mellom heim og skole rekna frå dør til dør blir lagt til grunn for vurderinga av avstand mellom heim og skole. Dersom skolen har fleire inngangsdører blir avstanden målt til hovudinngangsdøra på skolen.

2.2 Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg

Opplæringslova § 7-1

Elevlar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevlar under skoleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevlar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på tilhøve som gjeld den einskilde elev, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Opplæringslova § 13-4

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg.

Skoleskyssreglementet

Kommunen har avgjerdsmynde i saker om fri skoleskyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim og skole er under 2/4 km.

Skyss har avgjerdsmynde i saker om tilrettelagt skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim - skole er over 2/4 km. Skyss vil i desse tilfella gjere ei vurdering om heile eller deler av skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Kommentar

Dersom avstand heim – skole er under 2/4 km skal søknad sendast til skolen/heimkommunen.

Dersom avstand heim – skole er over 2/4 km skal søknad sendast til Skyss.

Strekninga må vurderast som særleg farleg eller vanskeleg ut frå både objektive og subjektive vilkår. Dei objektive vilkåra relaterer seg til vegstandard og trafikale tilhøve, medan dei subjektive vilkåra relaterer seg til tilhøve ved den einskilde elev, t.d. alder og utvikling. Ved avstandar over 2/4 km mellom heim og skole har ein rett på gratis skoleskyss med bakgrunn i avstand til skolen. Hovudregelen er då at ein får busskort og må følge rutebuss. Det kan likevel tenkast at tilrettelagt skyss kan vere aktuelt, til dømes med særleg farleg eller vanskeleg skoleveg til haldeplassen.



2.3 Skyss med båt

Opplæringslova § 7-1

Når det er nødvendig, har elever rett til gratis båtskyss utan omsyn til reiselengda.

Skoleskyssreglementet

Skyss har avgjerdsmynde i saker vedkomande privat skyss med båt (opplæringslova § 13-4).

Kommentar

Søknad om privat skyss med båt skal sendast av skolen/kommunen via Cert til Skyss som fattar vedtak i saka.

2.4 Skyss på medisinsk grunnlag

Opplæringslova § 7-3

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

Skoleskyssreglementet

Elevar med varig funksjonshemming/sjukdom eller mellombels skade/sjukdom kan ha rett til fri skoleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skole. Skyss har avgjerdsmynde i slike saker.

Skyssbehovet må vere dokumentert med legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog. Erklæringa må innehalde ei skildring av skyssbehovet (buss, privat bil, drosje) relatert til sjukdommen/funksjonshemminga og kva periode det er nødvendig med skyss. I særskilte tilfelle kan Skyss be om vurdering utover dette, til dømes av PP-tenesta.

Den fylkeskommunale legenemnda kan bli nytta i vurderinga av eleven sitt transportbehov.

Kommunen har ansvaret for følgjeperson, praktisk og økonomisk.

Kommentar

Erklæringa frå fastlege/spesialist/behandlande psykolog er det viktigaste grunnlaget for behandling av søknad om skyss på medisinsk grunnlag. Det er difor avgjerande at erklæringa er presis på kva type skyss eleven må ha og at den inneheld ei medisinsk grunngjeving for kvifor eleven treng skyss. Mangelfull erklæring frå lege/behandlande psykolog kan resultere i lengre saksbehandlingstid - og i enkelte tilfelle avslag på søknaden.



3. Skyssrett for særskilte elevgrupper

3.1 Skyss til private grunnskolar

Privatskolelova § 3-7

Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7-1, første og andre ledd om skyss i grunnskolen, § 7-2, første ledd om skyss i den vidaregåande skolen, § 7-3 om skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke og § 7-4 om reisefølgje og tilsyn.

Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i frittstående grunnskolar (privatskolar) gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur.

Heimkommunen eller heimfylket til elevane gjer vedtak om skyss og dekkjer utgiftene etter reglane i opplæringslova § 13-4. Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale vedtak om skyss i grunnskolen.

Reglane i denne paragrafen gjeld ikkje opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne.

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Opplæringslova §2-12, merknadar til Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1)

Elevar ved private grunnskolar med statsstøtte etter reglane i kap.2 har rett til skoleskyss etter reglane i opplæringslova kap. 7. Dersom skolen ligg utanfor eleven sin heimkommune har eleven berre rett på skoleskyss til kommunegrensa.

Transport over kommunegrensa vert ikkje godkjent og sett i gang før Skyss har fått tilbakemelding om korleis resten av reisa skal organiserast og finansierast.

Heimkommunen er økonomisk ansvarleg for persontakst mellom heim og kommunegrensa.

Kommentar

Ved delt bustad har eleven rett til skoleskyss frå begge foreldra sin adresse etter reglane i kap 7.2, men berre innanfor kommunegrensa der eleven bur. For å ha rett til skyss frå eit eller begge bustader må vilkåra for skyssrett i opplæringslova være oppfylt (§ 7-1 eller § 7-3.) Skyssretten vil då gjelde innafør kvar av bustadkommunane.

Eks: Elev X bor i kommune A når ho er hos mor, i kommune B når ho er hos far, og går på skole i kommune A. Eleven vil då ha skyssrett innanfor kommune A når ho bur hos mor, og kommune B når ho bur hos far, men ikkje i begge kommunane A og B samstundes på same reise.



Skyss er ansvarleg for at skuleskyssen er forsvarleg. Ved transport kor skyssretten sluttar ved kommunegrensa set ikkje Skyss i gang eit skyssopplegg som kryssar kommunegrense før ansvaret for resten av strekninga er avklart.

3.2 Vaksne med rett til opplæring

Opplæringslova § 4 A-7

Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet. § 7-4 gjeld tilsvarande.

Kommunen skal innlosjere dei vaksne når dagleg skyss etter første og andre leddet ikkje er forsvarleg. Når det er nødvendig, gjeld tilsyn etter § 7-1 fjerde leddet tilsvarande.

Elles gjeld § 13-4 tilsvarande for dei pliktene som følgjer av denne paragrafen.

Skoleskyssreglementet

Vaksne med rett til opplæring etter kapittel 4 A i opplæringslova har den same retten til skyss, reisefølge, tilsyn og innlosjering som elevar i grunnskolen. Skyssgrensa er 4.000 meter i samsvar med § 7-1.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter kapittel 4 A.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik har rett til slik opplæring. Denne gruppa av elevar som inngår i retten til grunnskoleopplæring for vaksne har ikkje skyssrett. Dette gjeld elevar som tidlegare har gjennomført grunnskolen, men som har behov for fornya opplæring, eventuelt berre i ein skilde fag.

4. Skyss til skolefritidsordning – SFO

4.1 Generelle reglar

Opplæringslova §7-3

Elevar som har plass i skolefritidsordninga, jf. opplæringslova § 13-7, og som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane.

Skoleskyssreglementet

Berre elevar med rett til skyss på medisinsk grunnlag jf. opplæringslova §7-3 har rett på skyss i samband med SFO.



Kommentar

Elevane har som hovudregel berre rett på skyss til/frå skolen, og til sin start- og sluttid. Elevar med skyss på medisinsk grunnlag er unntatt frå denne regelen og har rett på skyss også i samband med SFO. I særskilte tilfelle kan funksjonsfriske elevar likevel få skyss til/frå SFO dersom dette ikkje fører til ekstra skyss/meirkostnader. Dette inneber at skyss til/frå SFO må vere samkjørt, og at eleven ikkje kan krevje å få eit skysstilbod som er innanfor reglane i kap. 5.

Skyss sitt skyssansvar er avgrensa til skoleruta (190 skoledagar årleg). Transport i samband med SFO på skolefrie dagar er kommunalt ansvar.

4.2 Elevar med spesialpedagogisk undervisning i skolefritidsordninga

Skoleskyssreglementet

Elevar som i følgje enkeltvedtak, med heimel i opplæringslova, har fått innvilga spesialpedagogisk opplæring i skolefritidsordninga, har rett på skyss.

Kommentar

Det er ein føresetnad for godkjenning av skyss til/frå SFO at det er spesialpedagogisk personell i SFO i samband med undervisninga. For å ha skyssrett skal SFO-tilbodet vere gratis.

4.3 Leksehjelp

Leksehjelp vert rekna som eit frivillig tilbod etter opplæringslova, og gir ikkje rett til gratis skoleskyss. Dette gjeld også for elevar med behov for skoleskyss på medisinsk grunnlag.

5. Tilrettelagt skyss

5.1 Generelle reglar

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Merknadar til Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1)

I særskilte tilfelle kan Skyss godkjenne tilrettelagt skyss til/frå skolen.

Det er sett følgjande vilkår for å få innvilga slik skyss:

- manglande offentleg rutetilbod
- strekninga mellom heimen og offentleg skyssmiddel er over 1 km/2 km (sidevegskyss)
- særleg farleg eller vanskeleg skoleveg ved avstand over 2/4 km
- behov for skyss på medisinsk grunnlag (grunna mellombels eller varig funksjonshemming/sjukdom)



Tilrettelagt skyssordning kan berre nyttast etter førehandsgodkjenning frå Skyss og kan gjelde heile eller deler av skolevegen.

Kommunen/skolen har plikt til å informere elevar/føresette om skoleskyssordninga, og vere ansvarleg for eventuelle krav om etterbetaling grunna manglande informasjon om eleven sine rettar.

Kommentar

Tilrettelagt skyss inneber at det blir organisert eit individuelt skysstilbod til eleven. Skoleskyss utført med drosje er ikkje ei bestillingsdrosje som kan endrast på etter behov – dette gjeld også skyss på medisinsk grunnlag. Drosjeskyssen blir samkøyrd med andre elevar, eller er bunden opp i andre oppdrag.

Føresetnader for tilrettelagt skoleskyss:

- transportør kan sette føringar for hente- og leveringstider
- transporten gjeld berre mellom heim og skole
- friske elevar må pårekna å bli henta/levert på ein oppsamlingsplass

Elevar som av tungtvegande medisinske årsakar ikkje kan køyre i drosje saman med andre elevar, må levere legeattest som tydeleg beskriver eleven sine behov. Til dømes elevar som kan påføre skade på medpassasjerar. Før ein innvilgar skoleskyss utan samkøyring skal det vere vurdert og prøvd ut ledsager i transporten.

Dei fleste transportørane prøver å nytte faste sjåførar på flest moglege oppdrag, men elevar har ikkje krav på dette.

5.2 Eleven sine rettar og plikter i samband med tilrettelagt skyss

Skoleskyssreglementet

Elevar har rett på skyss til sine faste start- og sluttider på skolen.

Kommentar

Elev/føresette/skole gjer avtale med transportøren om faste hente- og bringetider med utgangspunkt i dei ordinære start- og sluttidene. Eleven må vere klar til avtalt tid. Grunna køyreplan og samkøyring kan transportør køyre vidare dersom elev ikkje er klar til avtalt tid.

All skoleskyss er i utgangspunktet samordna. Dette gjeld også den tilrettelagte skyssen. Dette medfører at eleven kan få ekstra kjøretid som følgje av slik samordning. Transportøren kan legge opp kjøreruta slik at funksjonshemma/sjuke elevar kan kome til skolen inntil 15 minuttar før starttid og blir henta på skolen inntil 15 minuttar etter siste time. Unntak frå dette kan gjerast ut frå dokumenterte medisinske årsaker.

Henting skal i utgangspunktet skje til dei avtala tidene transportør har bestemt. Ein må likevel pårekna at det kan oppstå forseinking inntil 15 minuttar grunna trafikale forhold.



Eleven har ikkje rett til å bli henta til uregelmessige tider. Dette gjeld til dømes skoleavslutningar, eksamen og liknande.

Skyss til aktivitetar utanfor skolen sitt geografiske område vert ikkje rekna som skoleskyss. Dette gjeld til dømes kinodag, ekskursjonar, bedriftsbesøk og liknande. Tilsvarende gjeld skyss i løpet av skoledagen, til dømes mellom undervisningsstader.

Transport mellom skolen og medisinsk behandling er ikkje å rekna som skoleskyss. Dette er helseforetaka sitt ansvarsområde.

Henting utanom fastsette hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skoleskyss etter opplæringslova. Kommunen/føresette er ansvarleg for slik skyss.

Funksjonsfriske elevar som får innvilga tilrettelagt skyss grunna manglande kollektivtilbod må pårekne gangavstand til avtalt hentestad. Etter opplæringslova er kommunen ansvarleg for nødvendig tilsyn eller reisefølgje i samband med skyssen, dersom eleven har behov for dette.

5.3 Godtgjering for privat skyss

Forskrift til opplæringslova § 10-2

Eleven har rett til full skyssgodtgjering i dei tilfella Skyss ikkje gir tilbod om gratis skyss. Full skyssgodtgjering inneber at nødvendige faktiske skysskostnadene for eleven blir dekte. Val av transportmiddel skal avklarast med Skyss så snart som mogeleg etter at eleven har fått skoleplass. Kostnadane skal dokumenterast. Dersom det ikkje er mogeleg å avklare val av transportmiddel før skolen tar til, må Skyss likevel dekke eleven sine dokumenterte faktiske og nødvendige skysskostnader fram til slik avklaring skjer.

Skoleskyssreglementet

Godkjent privat skyss blir godtgjort etter gjeldande Helfo satsar.

Alle utgifter utover kilometersats må vere dokumentert. Tilskot til nødvendige skyssutgifter blir gitt etter gjeldande Helfo satsar:

Minstetakst for eigentransport og forsyterskyss er kr 75 pr. tur, avgrensa til ei tur/returreise pr. dag. Dersom føresette kjører eins ærend får dei utbetalt km-godtgjering tur/retur. Maks minstesats pr. dag er kr 150.

Refusjon av reiseutgifter for faktisk utført skyss blir utbetalt etterskotsvis etter at skolehalvåret er avslutta.

For søknader om privatskyss mottatt og innvilga etter søknadsfristen, blir godtgjering gitt frå den dato Skyss mottok søknaden.



Kommentar

Refusjon skal fyllast ut på skjema «Refusjon av utgifter». Utbetaling skjer ein gang kvart skolehalvår. Utfylt skjema blir levert til skolen, som sender skjemaet til Skyss for utbetaling. Det er ikkje skatteplikt på km-godtgjersle. Differansen mellom km-godtgjering og minstesatsa på kr 75 pr tur blir utbetalt som honorar, og er skattepliktig. Skjemaet finn ein på www.skyss.no/skoleskyss.

6. Eleven sin heim

6.1 Folkeregistrert adresse

Skoleskyssreglementet

Eleven si folkeregistrerte adresse blir rekna som eleven sin heim i relasjon til opplæringslova og kva som er eleven sin nærskole.

Kommentar

Elevar som mellombels bur andre stader, t.d. hos familie eller venner, har ikkje rett på skyss etter opplæringslova. Kommunen kan innvilge skyss i særskilte situasjonar - til dømes når aleineforeldre blir alvorleg sjuke og eleven må bu mellombels hos slektningar, eller tilhøve i heimen medfører at dei må bu på krisesenter.

6.2 Delt bustad

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Brev frå Utdanningsdirektoratet av 13.04.07.)

Ved delt bustad gjeld retten til fri skoleskyss frå begge føresette og til/frå skolen etter reglane i kap. 2. Rett til skyss frå begge føresette vert godkjent der det ligg føre ein signert avtale av begge føresette der fordelinga av samværet er beskrive. Det er berre samvær etter ein fast, planlagt og regelmessig ordning som gjev rett til skoleskyss frå begge føresette. Mellombelse endringar frå den faste planen gjev ikkje rett på skyss.

Ved delt bustad kan begge foreldra sine adresser kan vere utgangspunkt for kva som er eleven sin nærskole i samband med skoleskyss, jf. pkt 7.1. Nærskolen må likevel vere i den kommunen eleven er folkeregistrert og som har opplæringsansvaret for eleven.

Retten til skyss kan avgrensas av at reisa må være forsvarleg, jf. opplæringsloven § 7-1 fjerde ledd. Det skal også legges vekt på om daglig skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vansker for Skyss.

Skyss er ansvarleg for å organisere eit forsvarleg skyssstilbod. Dersom ein av dei føresette bur slik til at daglig skyss ikkje kan organiserast innafor akseptabel reisetid og kan reknast som samfunnsøkonomisk forsvarleg, vil eleven ikkje ha rett til gratis skyss til og frå denne heimen.



Bur eleven i to kommunar er det kommunen der eleven er folkeregistrert som har ansvar for eleven og kommunale kostnader knytt til skoleskyss.

Kommentar

I tilfelle kor det er blitt innvilga tilrettelagt skyss (drosje) må eleven ha eit fast og føreseieleg køyremønster.

Valfridom av nærskole i samband med skoleskyss føreset at bustadene er i same kommune. Bustadadresser i ulike kommunar avgrensar ikkje retten til skyss viss ein går på nærskolen, men nærskolen må vere i den kommunen eleven er folkeregistrert og som har opplæringsansvaret for eleven.

Bur eleven i to kommunar er det kommunen der eleven er folkeregistrert som har opplæringsansvaret for eleven og så må dekke persontakst for skyssen.

Dersom den eine heimen ligg slik til at dagleg skyss ikkje kan organiserast slik at reisetida er akseptabel, og daglig skyss ikkje ville være forsvarleg, vil eleven ikkje ha rett til gratis skyss til og frå denne heimen. Da må dei føresette sjølv dekke skysskostnadene mellom skolen og denne heimen eller la eleven innløsjere.

6.3 Barn i asylmottak

Skoleskyssreglementet

Elev som bur i asylmottak har rett til fri skoleskyss etter reglane i kap. 2 når eleven mottar grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2-1. Asylmottaket blir rekna som eleven sin heim.

6.4 Elevar i fosterheim

Skoleskyssreglementet

Elevar som bur i fosterheim har rett på fri skoleskyss etter reglane i kap.2. Fosterheimen blir rekna som eleven sin heim. Dersom fosterheimen ligg i ein annan kommune enn skolen, er omsorgskommunen ansvarleg for å dekke persontaksten. Omsorgskommunen er den kommune som har fatta vedtak om at eleven skal i fosterheim.

Kommentar

Når eleven bur i fosterheim blir eleven sin nærskole definert til å vere den skolen som ligg nærmast fosterheimen. Vedtak om varig plassering skal dokumenterast før skyssrett blir innvilga. Transport i samband med mellombelse plasseringar, til dømes ved barnevernsinstitusjonar, fell utanfor fylkeskommunen sitt skyssansvar etter opplæringslova.

6.5 Elevar i avlastning

Skoleskyssreglementet



(Kjelde: Brev frå KUF til Statens Utdanningskontor i Buskerud datert 02.08.95).

Elevar som i følgje kommunalt enkeltvedtak har fått innvilga avlastning har rett på fri skoleskyss etter reglane kap. 2. Avlastningsheimen blir rekna som eleven sin heim dei dagane eleven er på avlastning. Dersom avlastningsheimen ligg i ein annan kommune enn eleven sin heimkommune er eleven sin heimkommune ansvarleg for å dekke persontaksten.

Kopi av enkeltvedtaket om avlastning må leggjast ved søknaden om skyss til/frå avlastningsheimen.

Kommentar

Private avtalar om avlastning hos venner/familie, støttekontakt og liknande fell utanfor fylkeskommunen sitt skyssansvar etter opplæringslova. Det er berre avlastning innvilga av kommunen, etter enkeltvedtak, som gir rett til slik skoleskyss.

7.6 Elevar med fleire bustader i løpet av eitt år

Skoleskyssreglementet

Elevar som har fleire faste bustader i løpet av skoleåret har rett på skoleskyss dersom vilkåra for skyss elles er oppfylt. Dersom bustaden berre har funksjon som ein sommar- eller fritidsbustad har eleven ikkje krav på skyss.

7. Eleven sin skole

7.1 Nærskolen

Skoleskyssreglementet

Retten til fri skoleskyss jf.§13-4 gjeld til den skolen eleven sokner til. Kommunen avgjer kva skole eleven soknar til, som i utgangpunktet er den skolen som ligg nærmast heimen. Det er høve til å søke kommunen om å gå på ein annan skole enn nærskolen og i desse tilfella skal søknad om skyss handsamast av kommunen.

Skyss har ansvaret for skyss av grunnskoleelevar som har rett til eigen målformgruppe ved ein annan skole enn nærskolen, bortsett frå når dei har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg.

Kommentar

Når kommunen gjer vedtak om å innvilge ein annan skoleplass enn nærskolen, til dømes etter fritt skoleval, gjeld ikkje reglane i opplæringslova om skyss. Kommunen kan velje å lage egne retningslinjer om dette.

For elevar kor undervisninga i eigen målform er samla på ein annan skole enn i sin skolekrins, jf. §2-5 fjerde ledd, blir denne rekna som eleven sin nærskole.



7.2 Skyss til statleg spesialscole eller kompetansesenter

Skoleskyssreglementet

Skyss er ansvarleg for skyss av elevar som får opplæring på statleg spesialscole/kompetansesenter.

7.3 Mellombels undervisning i andre lokale enn skolen

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Udir-3-2009)

Dersom kommunen mellombels må stenge skolen, til dømes grunna oppussing, er Skyss ansvarleg for å organisere skyss til der undervisninga er flytta.

7.4 Undervisning fleire stader

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Merknadar frå Ot prp nr. 46 1997-98 til §7-1)

Skyss mellom undervisningsstader i skoletida er kommunen sitt ansvar.

Kommentar

Regelen om skyss mellom ulike undervisningsstader i skoletida gjeld både funksjonsfriske og funksjonshemma/sjuka elevar som treng skyss til eit aktivitetstilbod utanfor skolen (t.d. bading, dagsenter). Undervisning lagt til andre stader enn nærskolen er ikkje Skyss sitt ansvar.

8. Skysstandard

8.1 Planlegging av skyss

Opplæringslova § 13-4, andre ledd

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen.

Skoleskyssreglementet

Skyss må ha tilstrekkeleg tid til å planlegge og organisere skyssen. Dette inneberer at søkjarar må akseptere at det kan ta noko tid før skysstilbodet blir sett i gang.

Elevar og føresette har saman med skole, kommune og Skyss eit ansvar for at val av transportmiddel blir avklart raskast mogleg etter inntak. Mellombelse løysingar som blir iverksett ved skolestart er ikkje bindande eller førande for det endelege vedtaket og organiseringa av skoleskyssen.

Skyss skal organisere eit skyssopplegg som er rasjonelt og økonomisk forsvarleg. All skoleskyss er i utgangspunktet samordna. Dette gjeld og den tilrettelagte skyssen.



Val av transportmiddel må vere avklart med Skyss før skyssen blir starta opp.

8.2 Akseptabel gangavstand til transportmiddel

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-1).

Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om skyss på denne strekninga. Tilsvarande kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om skyss på denne strekninga.

Det er ein føresetnad at vilkåra i pkt. 2.1 om avstand heim/skole er oppfylt.

Kommentar:

Skyssretten er knytt til strekninga mellom heim og skole. Eleven må pårekna å måtte ta seg fram ein rimeleg distanse til ein oppsamlingsplass.

Elevar som har over 1000/2000 meter til busshaldeplass kan søkje om tilrettelagt skyss på denne strekninga. I vurderinga av søknaden blir desse momenta vektlagt:

- avstand
- framkomst på veg (til dømes skilnad mellom vinter- og sommarføre)
- kostnad ved tilrettelagt skyss

Grensa på 1000/2000 meter er rettleiande og vil i kvart einskild tilfelle bli vurdert mot kostnader med ekstraskyss.

8.3 Forsvarleg reisetid

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-1)

Skoleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei forsvarleg reisetid. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt.

Kommentar

I handsaminga av søknad blir det lagt vekt på desse momenta:

- kvar eleven må vente (på skolen, ute, i venterom)
- rasjonell organisering av skyssen
- kor stor del av reisetida som er på transportmiddel
- elevar med lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. Til dømes gjeld dette elevar på privatskolar med lang reiseavstand

8.4 Reisefølgje og tilsyn

**Opplæringslova § 7-4**

Elevane har rett til nødvendig reisefølge. Elevane har og rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisninga tar til og etter at undervisninga er slutt og i samband med overgang mellom transportmiddel.

Opplæringslova § 13-4

Kommunen skal oppfylle retten til reisefølge og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne.

Skoleskyssreglementet

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-4)

Elevar har rett til reisefølge dersom dette er nødvendig for at eleven skal kunne gjere seg nytte av det skyssstilbodet dei har rett til.

Elevar har også rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før og etter undervisninga.

Kommunen si plikt til tilsyn kan i enkelte tilfelle gjelde i samband med bytte av transportmiddel undervegs.

Kommunen har avgjerdsmynde og økonomisk ansvar for reisefølge/tilsyn.

Kommentar:

Søknad om reisefølge og tilsyn må sendast til kommunen.

Tilsyn i samband med skoleskyssen er oftast aktuelt for elevar med skyss på medisinsk grunnlag.

Transport av reisefølge gjeld på same strekning som eleven. Dersom skolen/kommunen ønskjer ekstra transport utover dette må det avtalast særskilt med transportør. Reglane om reisefølge og tilsyn gjeld også for elevar i friskolar med til dømes lang / vanskeleg reiseveg og som må byte transportmiddel.

9. Reglar for bruk av skolekort

9.1 Generelle reglar

Skoleskyssreglementet

Alle elevar som blir innvilga fri skoleskyss, og som nyttar offentleg transport, får tildelt eit Skyss skolekort. Korta er tilpassa skoleruta.

Skyss skolekorta gjeld for eit skoleår med følgjande avgrensingar:

- *Korta kan nyttast til 2 reiser pr. skoledag med ev. omstiging*
- *Korta er gyldige mellom kl. 05.00 og kl. 19.00*
- *Korta skal ikkje nyttast i helgar og feriar*
- *Korta gjeld for maksimalt 190 skoledagar*



9.2 Tap av skolekort

Skoleskyssreglementet

Melding om tapte og øydelagde kort skal gå gjennom skolen til Skyss, sjå www.skyss.no/skoleskyss. Eleven vil få nytt kort frå skolen. Misbruk av Skyss skolekort kan medføre tilleggstakst.

9.3 Misbruk

Skoleskyssreglementet

Ved misbruk eller ugyldig skolekort må ein betale tilleggstakst, jf. Transportvedtekter § 4 Tilleggstakst og kontroll av reisebevis.

Kommentar

Skolekorta kan ikkje nyttast til andre føremål enn skoleskyss, til dømes fritidsaktivitetar etter skoletid, i helgar eller ferier. Sjå www.Skyss.no for meir informasjon om transportvedtekter.

10. Informasjonsplikt

Skoleskyssreglementet

Kommunen/skolen har plikt til å informere elevane om skyssrettane deira.

Elevane og føresette må gi kommunen og Skyss den informasjonen som er nødvendig for at det kan fattast vedtak i saka. Dette gjeld t.d. opplysningar om eksisterande skyssstilbod og gangveggar.

Kommentar

Skyss informerer kommunane/skolane om gjeldande regelverk. Kommune/skole har ansvar for å informere elev/føresette om gjeldande regelverk.

11. Om vedtak og klagerett

Skoleskyssreglementet

Skyss og kommunen sine avgjerder om elevane sin rett til skoleskyss er enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Vedtaket om skoleskyss kan påklagast etter forvaltningslova kap. VI. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen eleven mottok melding om vedtaket.

Fylkesmannen i Hordaland si utdanningsavdelinga er ifølgje opplæringslova klageinstans.



12. Økonomisk ansvar

12.1 Fordeling mellom fylke og kommune

Skoleskyssreglementet

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og finansiere skoleskyss på grunnlag av avstand og på medisinsk grunnlag (varig funksjonshemming/sjukdom og mellombels skade/sjukdom.)

Kommunane har økonomisk ansvar for skoleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim – skole er under 2/4 km, og for nødvendig tilsyn og reisefølgje. Utover dette omfattar kommunen sitt økonomiske ansvar gjeldande persontakst etter pris for barnebillett på den aktuelle strekninga.

For elevar som blir teke inn på ein annan skole enn nærskolen, eller som dei soknar til, er kommunen ansvarleg for skyssen og skal dekkje ekstrakostnadene ved ei slik avgjerd.

Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskolebarn og vaksne jf. opplæringslova §13- 4.

Dersom avstanden til skolen er under minstegrensa (jfr. punkt 2), men eleven likevel blir innvilga skyss av kommunen (skoleskyss etter kommunalt vedtak), må kommunen dekkje heile kostnaden.

Dersom det opprettast skyss der det alt er eit akseptabelt rutetilbod må kommunen dekkje heile kostnaden.

Kommentar

Bestilling av Skyss skolekort gjeld for heile skoleåret. Kommunen blir fakturert også for dei dagane elevane ikkje nyttar skyssen.

I dei tilfella elevar får skoletilbod på ein annan skole enn nærskolen, og treng drosje/tilrettelagt skyss, og ville trengt drosjeskyss også til nærskolen, kan kommunen få refusjon for dei utgiftene som ville vore om eleven gjekk på nærskolen, med fråtrekk av persontakst.

